

07.04.2016

**TILTAKSSTRATEGI FOR TILSKOTSORDNINGA
SPESIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET (SMIL)**

2016 - 2019



Innhold

Bakgrunn	2
1 TIDSROM	2
2 MÅL FOR ORDNINGA.....	2
3 OVERORDNA PLANAR OG REGISTRERINGAR.....	2
4 HISTORIKK.....	3
4.1 Kva er SMIL-ordninga	3
ENDRINGAR SOM GJELD FRÅ I 2015.....	3
4.2 Kort SMIL i Meland til no	4
4.3 KORLEIS HAR TILTAKA VIRKA?	5
5 Utfordringar og tiltak for å møte utfordringane	5
5.1 Utfordringar og tiltak for friluftsliv/tilgjenge i kulturlandskapet.....	5
5.2 Utfordringar og tiltak for det biologiske mangfaldet	5
5.3 Utfordringar og tiltak for kulturminne/kulturmiljø	6
5.4 Utfordringar og tiltak knytt til attgroing og avrenning.....	7
Kystlyngmark:	7
Innmarksbeite:	7
Utfordringar og tiltak knytt til avrenning:	7
6 Ny strategi for bruk av SMIL-ordninga	8
6.1 Tematisk prioritering	8
Planlegging av fellestiltak:	8
Biologisk mangfold:	8
Gamal kulturmark:.....	9
Tilgjenge/opplevingskvalitet:	9
Kulturminne og kulturmiljø:	9
Prioriteringar 2016-2019 for bruk av SMIL-midlane:	10
NÆRARE OM DEI EINSKILDE TEMA:	10

Bakgrunn

Tiltaksstrategi for tilskotsordninga SMIL (spesielle miljøtiltak i landbruket) gjekk ut i 2015. I forventningsbrev frå Fylkesmannen for 2016 vart kommunane bedne om å rullere dei kommunale strategiane for SMIL ordninga. I det følgjande er det såleis kommunen sine kriteria for korleis SMIL-midlane skal nyttast, som vert drøfta. Smilforskrifta med tilhøyrande rundskriv vart revidert i 2015.

Kommunen driv aktivt informasjonsarbeid mot næringa. Ein samarbeider med bondelag, sau og geiteavslag, kulturkonsulent, Bergen Friluftsråd og Landbruksavdelinga hjå fylkesmannen.

Informasjonsarbeid er t.d. vere markdagar, kurs, studieturar og infokveldar. Dette arbeidet vert retta mot alle grupper eller einskildpersonar som kan vere aktuelle søkerar/tiltakshavarar.

1 TIDSROM

Tiltaksstrategien skal gjelde frå 2016 - 2019.

2 MÅL FOR ORDNINGA

I gjeldande kommuneplan 2014-2025 er det trekt opp mål for landbruket og kulturlandskap:

- Leggja til rette for eit livs og berekraftig landbruk
- Ta vare på landskap og kulturminne gjennom aktiv og berekraftig bruk

Eit aktivt landbruk skaper kommunen sin utsjånad i stort mon og held i hevd gammal kultur som er med å skape identitet og stadkjensle.

3 OVERORDNA PLANAR OG REGISTRERINGAR.

Kommunale strategi planar:

- Kommuneplan for Meland (2014-2025)
- Forvaltningsplan for Rylandsvassdraget (Vedteken 2008)
- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Kjerneområde landbruk i Meland kommune (temaplan til kommuneplanen)
- Tiltaksstrategi for tilskotsordningane SMIL og NMSK 2012 - 2015
- Naturtypekartlegging for Meland

Overordna strategi planar:

- Regionalt miljøprogram for Hordaland
- Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket. (SMIL)

4 HISTORIKK.

4.1 Kva er SMIL-ordninga

Dei spesielle miljøtiltaka i landbruket (SMIL) er ein del av det nasjonale miljøprogrammet for jordbruket. Dette programmet skal synliggjøre den samla innsatsen frå jordbruket for å styrke miljøarbeidet. Miljøprogrammet har en sentral del og en regional del (regionalt miljøprogram, RMP). Den regionale delen vert vidareført på lokalt nivå, ved at kommunane får tidelt en sum tilskottsmedel(SMIL) som skal nyttas til å gjennomføre tiltak i kommunen som bidrar til å løyse jordbruket sine samla miljøutfordringar.

Hovudmålet med det nasjonale miljøprogrammet er å sikre ”eit ope og variert jordbruks- og kulturlandskap, og sikre at eit breitt utval av landskapstypar, at særleg verdifulle biotopar og kulturmiljø vert teke vare på og skjøtta, samt bidra til at jordbruksproduksjonen fører til minst mogeleg forureining og tap av næringsstoff.” Det regionale programmet skal bidra til at det kan settast i verk ordningar som er tilpassa regional ulikskap som finst i landet.

På kommunenivå skal programmet bidra til at lokale utfordringar og mål vert løyst i tråd med overordna målsettingar, men på ein slik måte at lokale verdiar knytt til jordbrukslandskapet vert teke vare på og skjøtta, slik at det mangfold som finst i landet knytt til natur, miljø og landskap vert halde i hevd og teke vare på.

Fylkesmannen oppfordrar kommunane til å sjå SMIL og RMP i samanheng: SMIL er pengar som skal nyttast til restaurering og utvikling, medan RMP er pengar til vedlikehald og årleg skjøtsel.

Kommunen handsamar og avgjer søknader om tilskot. Kommunane utarbeidar overordna retningsliner for prioritering av søknadane (lokale tiltaksstrategiar).

ENDRINGAR SOM GJELD FRÅ I 2015

Etter at krav til miljøplan ble avvikla frå 2015, er miljøkrav og reglar for miljøomsyn vidareført gjennom eksisterande regelverk for jordbruket.

Sentrale miljøkrav for å ivareta biologisk mangfold og kulturminner, godt vassmiljø og trygg mat, er vidareført gjennom eige regelverk. Her gjelder bestemmelser mellom anna etter naturmangfaldlova, kulturminnelova, forurensningslova, jordlova og matlova. Dette gjeld til dømes regelverk om gjødsling og bruk av plantevernmidlar.

Frå 2015 er det berre dei som oppfyller vilkåra produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket som kan søkja Landbrukseigedomens sin eigar må gje samtykke til gjennomføring av prosjekt eller tiltak etter denne forskrifta.

Søkjær må ha gjødslingsplan og journal over plantevernmiddel, samt kart over eigd og leigd jordbruksareal som føretaket disponerer. Kulturminner, område som er viktige for biologisk mangfold, areal med risiko for tap av jord og næringsstoff og andre tilhøve av miljømessig betydning skal vera kartfesta og beskrive.

Det skal søkjast på eige søknadsskjema. Kommunen kan fastsetje søknadsfrist.

4.2 Kort SMIL i Meland til no

SMIL i den forma det no har, vart innført i 2004. Frå dette året og fram til og med 2011 har Meland kommune motteke nesten 2,2 millionar kroner over SMIL-ordninga. I same tidsrommet fekk 133 tiltak fått pengar. I perioden 2012-2015 har Meland kommune løyvd nesten 1,2 millionar kroner i tilskot til 55 ulike tiltak.

Tabell 1: I perioden 2012-2015 har Meland kommune løyvd nesten 1,2 millionar kroner i tildelte og omfordelte SMIL-midlar.

År:	
2012	220.000
2013	443.000
2014	260.000
2015	261.450
Sum:	1.184.450

Flest tiltak har vore i kategorien kulturmark. Dette er tiltak som har som føremål å restaurere kulturmark slik at bruken kan auke og produksjonen verte høgare. Det har vore 41 tiltak knytt til kulturmark. Dei resterande 14 tiltaka er fordelt på ulike kategoriar.

Tabell 2: Fordeling av SMIL-tiltak det er løyvd tilskot til i perioden 2012-2015.

Type tiltak:	Tal løyvingar:
Gammal kulturmark	41
Andre kulturminne/miljø	7
Tilgjenge/opplevelingskvalitet	2
Freda/verneverdige bygg	3
Fellestiltak	1
Biologisk mangfold	1
Sum:	55

4.3 KORLEIS HAR TILTAKA VIRKA?

Ordninga med tilskott til miljøtiltak har verka til at mange fine kulturminne har vorte sett i stand, at mykje beiteareal er restaurert og gjerda inne og at nokre eldre bygningsmiljø både ved sjø og i landskapet er sett i stand og teke i bruk til ny verksemd. Dette er veldig positivt både for den einskilde som sett tiltaket ut i livet, men også for samfunnet rundt. Kulturlandskapet som element i kvarldagen vert styrkt, og ressursane på gardane vert betre utnytta.

5 Utfordringar og tiltak for å møte utfordringane

Vinteren 2016 var det 70 føretak som søkte om produksjonstilskott. I 2008 var det tilsvarande talet 57 søknadar. Talet på aktive brukarar er såleis stabilt, og kanskje litt aukande. Areal i drift er ganske stabilt, men gjennomsnittsbruket har auka i storleik dei siste 10-15 åra. Dyretalet har skifta noko frå storfe og over til sau. Det er få heiltidsgardbrukarar i kommunen.

Meland er ein kommune som ligg nær Bergen. Kommunen har stor auke i folketalet, og presset på areal for bygging av bustadar, for utvikling av vegnettet og for tilrettelegging for arbeidsplassar er stort. Såleis er det grunn til å hevde at den største utfordringa for landbruket i Meland i åra framover, vert å sikre at produksjonsareaala for landbruket vert teke vare på for matproduksjon og i framtida, og at ikkje utviklinga av resten av samfunnet vil fragmentere areaala slik at dei etter kvart ikkje kan nyttast til landbruk på grunn av konflikt med anna aktivitet.

Krav til effektivisering i landbruket og mange deltidsgardbrukarar, gjer at berre dei beste areaala vert drivne, medan resten etter kvart vert liggjande ubrukt. Det er ofte dei sistnemnde areaala som har størst kulturlandskapskvalitetar.

5.1 Utfordringar og tiltak for friluftsliv/tilgjenge i kulturlandskapet

I takt med aukande nedbygging av landbruksareal og aukande bustadbygging, vert det lagt meir og meir press på attverande areal, både til landbruksproduksjon og som grunnlag for friluftsliv. Denne interesseomsetnaden må løysast ved at allmenta får tilrettelagte ferdselsvegar gjennom det produktive landskapet, samstundes som landbruksnæringa ikkje vert hindra i å halde fram med rasjonell drift på staden. Landbruksforvaltninga deltek i pågående kartleggingsarbeid for viktige friluftsområder i kommunen og vert teken med på råd når det gjeldt planlegging av rydde og merketiltak for stiar og ferdselsvegar.

5.2 Utfordringar og tiltak for det biologiske mangfaldet

Biologisk mangfold eller diversitet omfattar variasjon av levande organismar (plantar, dyr, sopp m.m.) som finst på jordkloden, både på land, i ferskvatn og i havet. Biologisk mangfold kan vere på ulike nivå.

- På genetisk nivå, som variasjon innan artane
- På arts nivå, som forskjellar mellom artane
- På biotop nivå, som forskjellar mellom ulike vegetasjonssamfunn
- På landskapsnivå, som forskjellar mellom økosystem og landskapstypar.

Kulturlandskapet er viktig for å ta vare på det biologiske mangfaldet, det vil sei for den variasjon som eksisterer innafor artar, og i form av ulike artar og naturtypar. Kulturmarkene er viktig for den biologiske variasjonen både ved at det her fins mange trua artar og gjennom mangfaldet av vegetasjonstypar dei representerer. Ein driv i dag mykje meir intensivt og einsidig i kulturlandskapet, enn i tidligare tider då drifta var mykje meir allsidig. Dei tidligare driftsmåtane førte til at det oppstod eit mosaikkprega, lysope landskap med ei rad ulike kulturmarker, både kulturskapte og påverka av kultur. Mange av dei artane som hadde gode vilkår ved den gamle driftsmåten er i dag trua av moderne driftsformer. Ein bør difor der det mogeleg få registrert og "berga" biotopar og laga skjøtselplanar for dei. Skjøtselsplanar skal utarbeidast i samråd med grunneigarar.

Kommunen har gjennomført naturtypekartlegging og det kan vere aktuelt å utarbeide skjøtselplanar i nokon av desse områda.

5.3 Utfordringar og tiltak for kulturminne/kulturmiljø

Kulturminne: Med kulturminne er meint alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, også lokalområde som det er knytt historiske hendingar, tru og tradisjon til.

Kulturmiljø: Med kulturmiljø er meint område kor kulturminne går inn som ei større heilskap eller samanheng.

Synlege kulturminne er ca 10 % som er synleg over markoverflata. Alle spor etter kulturminne som er eldre enn frå 1537 er automatisk freda. Bygningar eldre enn frå 1650 er det same. Freda kulturminne har ein sikringssone på minimum 5 meter ikring seg.

Evne til å gi kunnskap og opplevingar er viktige element ved eit kulturminne/kulturmiljø.. Alder eller autentisitet treng ikkje vere verdiar ved eit kulturminne/kulturmiljø i seg sjølv. Derimot kan alder og autentisitet vera med å auka kulturminnet sin kunnskaps- og opplevingsverdi.

Det er mange kulturminne knytt til landbruket i kommunen, mellom anna tørrmurar i bygningar, bakkar og steingardar. Mange av desse er i därleg stand.

Like eins er det mange verneverdige bygningar som treng restaurering, dette er prosjekt som krev store investeringar. Interesserte eigagarar kan gjennom tilskotsordninga få eit puff til å ta fatt på arbeidet.

Steingardar er karakteristiske landskapselement i kommunen. Dei har framleis nyttefunksjon som gjerde og le. Røter og därleg fundamentering kan føre til raskt forfall om tiltak ikkje vert sett inn. Utfordringar kan vere å registrere og lage ein plan for vedlikehald og restaurering av steingardane i kommunen. Første prioriteten vil vere å få rydda for tre og buskar tett ved steingarden for å hindre at forfallet aukar på. Kommunen har skipa til eit kurs i restaurering av steingard og ein bør kanskje forsette med det for å kursa mest mogeleg bønder til dette arbeidet då det vil vere kostbart å leige fagfolk til dette arbeidet.

Forskriftsendring i 2015 gjer at det ikkje lenger kan gjevast tilskot til freda bygg. Dette har liten betyding for Meland som har få slike bygningar.

Bakkemurar er det ein del av i kommunen. Utfordringar kan vere å registrere desse og prioritere rydding av buskar og tre som kan skade dei. Det er restaurert ein bakkemur i kommunen. Dette arbeidet treng fagkunnskap.

Torvhus og andre hus tilhøyrande garden med steinvegger er det ein god del av i kommunen. Trong for registrering plan for kva bør gjerast med dei. Her vil det også i første omgang vere trong for rydding av tre og buskar inntil steinveggene.

Restaurering av naust og notebu. Til desse tiltaka har det gjennom mange år vorte ytt tilskott til restaurering og dette arbeidet bør halda fram. Det bør spesielt leggjast vekt på at dei enkelte naustmiljøa vert teken vare på ved restaurering.

Gamle vegfar er også ein utfordring å halde ope for ferdsel ved at dei fort gror til att.

Kommunen har starta opp arbeidet med å laga ein kulturminneplan og landbruket sitt kulturlandskap vil vera eit av fleire tema i denne. Landbrukforvaltninga deltek i planarbeidet, og registrering av viktige kulturminne og kulturmiljø vil vera eit tema. Det er og eit nært samarbeid med kulturavdelinga i enkelt saker.

5.4 Utfordringar og tiltak knytt til attgroing og avrenning

Det er særleg for to 2 kulturmarker det er utfordringa vedkomande attgroing. Det er kystlyngmark og innmarksbeite.

Kystlyngmark:

Kystlyngmark er beitemark som er dominert av røsslyng. Her kan husdyr beite heile året ute. Røsslyngen er ein evigvarande dvergbusk med gode eigenskapar som forplante dersom den vert skjøtta rett. Det er i dag helst sauherd som beiter på kystlynghei i kommunen. Sauene beiter ulikt gjennom åra. Om sumaren vil dei helst ha gras og urter, mens røsslyngen er viktigare om vinteren. For at det skal verte rett tilhøve mellom lyngdominert område og grasdominert område må ein brenne den eldste lyngen om vinteren. Verknaden av lyngsviing vert grasdominans dei første åra etter svindinga før røsslyngen tek over att. Ved å lage eit mosaikk av lyngmark i ulik stadium vil dermed sauene kunne finne beiteareal som er tilpassa ulik trond og beitevanar gjennom året.

I kommunen har det vore skipa til eit kurs i lyngbrenning og fleire har brent lyng til beite dei siste åra. Kystlynghei er registrert og klassifisert etter kor god stand den er i, men det er trond for å laga beiteplanar for desse områda. Dette bør skje raskt før kystlyngmarka gror til med einer og lauvskog.

Innmarksbeite:

Utfordringar for skjøtsel av innmarksbeite er å hindre attgroing, godt med lys i kantarealet, eigna levestad for planter og vilt, stabil kantvegetasjon, minst mogeleg miljøproblem, gode tilhøve for husdyr og maskiner og bevare spor etter gamle driftsmåtar og kulturminne.

Utfordringar og tiltak knytt til avrenning:

Beiterydding og gjerdehald er sjølv sagt nyttig og for landbruket, men gjengroing er berre ein del av problematikken knytt til det opne landskapet. Vel så viktig for at landskapet skal halde seg ope og vere velstelt (ikkje siv, tistel, ugras generelt) er at jordbruksareala er vel drenerte og godt hevda. Når dreneringa vert dårleg vert vasspegelen høg. I regnfullt klima som her hjå oss, gjer dette det

vanskeleg å stelle jorda. På sikt vert jordsmonnet surare og tettare, noko som vil favorisere ugras og gjengroing.

Kravet om effektivitet er stort i det moderne landbruket. Tyngre maskiner kombinert med klimaendringar med meir nedbør på ugunstige tidspunkt i vekstsesongen har resultert i omfattande jordpakking. Saman med ofte utrangert drenering, generelt jordsvinn og fuktigare klima – vert dette ein medisin som er lite høveleg for jordbruket hjå oss. Dette medverkar til at avrenning aukar både frå sjølve gjødslinga, men og fordi plantane vert dårligare til å ta opp gjødselemne når jorda er i dåleg hevd. Det kan og oppstå ubalanse i samansetninga av næringsemne i jorda, som vil forsterke denne negative tilstanden. Ein kan ikkje gje tilskot til grøfting gjennom SMIL ordningar, men planelegging av fellestiltak som kan betre vasskvalitet og avrenning ligg innanfor ordninga. I kopling mot det pågåande arbeidet med Vassdirektivet kan det koma fram lokale tiltak som bør vurderast i høve til SMIL- ordninga.

I Meland kommune sin arealstrategi i kommuneplanen, er omsynet til klima og folkehelse tillagt vekt, vidare folket sin tilgang til kulturlandskap og verdfulle naturlandskap. Tiltak for å sikre dei verna vassdraga skal vektleggast.

Det er nær samanheng mellom avrenning frå landsbruksareala, kva tilstand jorda er i, kva avling som vert hausta og kvaliteten på vatn og vassdrag som grensar til desse areala. Det er også nær samanheng mellom opplevingskvalitetane i landskapet, at ein kan ta seg fram lett, at vatn og vassdrag er reine og friske, at fisk lever og fuglar hekker. Vasskvalitet og avrenning heng nøye saman.

6 Ny strategi for bruk av SMIL-ordninga

6.1 Tematisk prioritering

Oppsettet føl forskrift om smil-midlar

Planlegging av fellestiltak:

Omfattar tiltak for å få ein meir heilskapleg og samordna innsats og prosessar som sikrar breiast mogleg involvering og forankring i miljøarbeidet.

Tiltak som bør prioriterast er:

- Felles kartlegging knytt til avrenning frå landbruksareala
- Felles beitetiltak i utmark – kystlynghei og strandeng

Biologisk mangfold:

Omfattar tiltak som fremjar biologisk mangfold gjennom å ta vare på ville plantar og dyr i kulturlandskapet og eit kulturpåverka plante- og dyreliv på gammal kulturmark t.d. etablering, utbetring og skjøtsel av område som i varetak leveområde for plantar og dyr..

Tiltak som bør prioriterast er:

- Område som nemnd i naturypekartlegginga vil verta prioritert

Gamal kulturmark:

Omfattar vegetasjonstypar som er prega av oppdyrking, beiting, slått, brenning, veduttak m.m. og har spor etter gamle driftsmåtar t.d. murar, lauvingstre o.l. I Meland er det viktig å ta vare på innmarksbeite og llyngheti, særleg utviding av eksisterande beiteområde og samarbeidstiltak over fleire bruk.

Tiltak som bør prioriterast er:

- Skjøtsel av llyngheti
- Tiltak i beitebruksplanar
- Rydding og inngjerding av innmarksbeite inkludert beiteskog
- Natureng jf. naturtypekartlegginga

Tilgjenge/opplevingskvalitet:

Omfattar tiltak som stimulerer høve til rekreasjon og friluftsliv i jordbruket sitt kulturlandskap gjennom å legga til rette for ferdsel til fots og opplevingar. Til dømes rydding og vedlikehald av stiar.

Tiltak som bør prioriterast er:

- Tiltak i område der det er gjort eller planlagt andre skjøtselstiltak herunder utviding av eksisterande stinett
- Tiltak som førebygg konfliktar mellom landbruk og allmenta t.d. sjølvlukkande grinner, gjerdeklyv vil verta prioritert.

Tiltak bør sjåast i samanheng med kommuneplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Kulturminne og kulturmiljø:

Med kulturminne meinast alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø. Kulturmiljø er områder der kulturminna inngår i ein større samanheng. Døme på kulturminne er alle slags bygningar i landbruket som kvernhus, utløer m.m., gravhaugar og gamle vegfar. Omfattar tiltak som vedlikehald, istandsetjing, bevaring m.m.

Tiltak som bør prioriterast er:

- Restaurering og/eller rydding langs tørrmurar herunder bakkemurar, steingardar, torvhus, potekjellarar, kanalar m.m.
- Restaurering av småhus og byggverk knytt til særmerkte driftsformer i kommunen t.d. smier, kvernhus, ishus og vargotter (steinmoloer i sjø for varelevering).

Verneverdige bygningar:

Verneverdige bygningar er arkitektonisk eller kulturhistorisk verdfull bygning som ikkje er freda, men som likevel bør takast vare på etter antikvariske metodar og prinsipp.

Tiltak som bør prioriterast er:

- Naustmiljø, grindbygg, skjeneflorar, gardflorar(vårflorar) sjøbuer og andre bygningar knytt til kystkulturen.

Prioriteringar 2016-2019 for bruk av SMIL-midlane:

1. Framleis satsing på biologisk mangfald, stell og rydding av beitemark med særleg vekt på truga landskapstypar som kystlyng og strandeng. Denne særlege satsinga skal ikkje fortrenge søknadar som gjeld vanleg beitemark, men er det knappe middel skal ein prioritere kystlynghei og strandeng dersom det kjem slike søknadar.
2. Tiltak hjå nyetablerte bønder dei 5 første åra etter overtaking
3. Tiltak knytt til å sette i stand bygningsmasse med tanke på ny aktivitet under gamle tak eller tradisjonell bruk og tiltak knytt til tørrmura element og heilskapleg kulturmiljø
4. Gjennomføring av fellestiltak knytt til kartlegging av avrenning frå landbruksareala til vatn og vassdrag.

NÆRARE OM DEI EINSKILDE TEMA:

PKT 1: Dette er ei vidareføring av satsinga slik han har vore til no. Det er enno mykje beite og gammal kulturmark som med føremon kan få eit ansiktsløft. Fokus må vere på gjerding/rydding og helst på felles tiltak, og på samanhengen mellom beitetrykk og verknaden av rydding.

PKT 2: Det er ynskjeleg at nyetablerte bønder skal verta prioritert dei første åra etter overtaking for det er ofte i denne perioden trangen for midlar er størst. Mange overtek gardar som ikkje har vore i drift på ei stund og då der det ofte naudsynt med store investeringar i landskap og bygningar.

PKT 3: I Hordaland er det ei satsing på å oppgradere gammal bygningsmasse med tanke på å ta desse bygga i bruk til nye aktivitetar. Kommunen skal stimulera til nye næringa med basis i landbruket sine ressursar mellom anna produksjon og sal av lokalmat. Smil ordninga kan innanfor rammene av ordninga vera å med å byggja opp under denne satsinga

Ein ynskjer og å støtta tradisjonell bruk av bygningsmassen og i tillegg særleg byggverk med tørrmur eller heilskaplede kulturmiljø.

PKT 4: I områda sett av til omsynssone landbruk i arealplanen, kan det vere aktuelt å gje tilskott til samarbeidsprosjekt som har til føremål å kartlegge avrenning til vatn og vassdrag. Ein bør og kartlegge korleis tilstanden er for grøfter og opne kanalar, og gjere ei overordna planlegging av korleis grøfting og kanalreinsking bør gjennomførast for å sikre fri straum av vatten, gode vilkår for plantevekst og ved det hindre avrenning/ sikre betre hevd på jorda.

Det kan og vere aktuelt å planlegge fangdammar, kantsoner og liknande hydrotekniske anlegg for å betre tilstanden i vatn og vassdrag.

Dei overordna planane som vert resultatet må omfatte heile områder/alle eigedommar i området, og skal danne grunnlag for dei individuelle tiltaka som bør gjennomførast på kvar eigedom får å få til ei oppgradering av tilstanden for avrenning i området.

Det er truleg ikkje aktuelt med geografisk prioritering. Meland er ein liten kommune. Men i den mon det kjem inn konkurrerande søknader om lite pengar, bør ein prioritere tiltak som vil vere med å sikre levedyktige bruk, levedyktige grender og tiltak der mange samarbeider for å oppnå heilskapleg verknad.